
Fra: Marianne Aadland Sandvik
Sendt: 4. juli 2017 08:40
Til: 'toftoy@gmail.com'
Emne: Vedr. spørsmål om gbnr. 27/74

Hei

Vi kan gjerne snakkast på telefon ein dag, men tenkte eg kunne sende ein e-post på førehand for å avklare plansituasjonen for eigedomen.

Gbnr. 27/74 er satt av til landbruk-, natur- og friluftsmål (LNF) i arealdelen til kommuneplanen, med status som spreidd fritidsbustad. Dette inneber at du bl.a kan byggje tilbygg/påbygg på fritidsbustaden på inntil 100 m2 og andre mindre tiltak som er unnateke frå søknadsplikt utan å søkje om dispensasjon frå arealformålet LNF.

Når det er sagt så ligg eigedomen i si heilheit innanfor byggjegrensa mot sjø, som vist på kartet til arealdelen til kommuneplanen (den stipla linja viser byggjegrense mot sjø):



Ettersom eigedomen ligg innanfor byggjegrensa mot sjø er det i utgangspunktet ikkje mulig å gjere tiltak på eigedomen utan å søkje om dispensasjon frå byggjeforbodet. I kommuneplanen sin arealdel er det imidlertid lagt til grunn at enkelte mindre tiltak kan gjennomførast utan å måtte søkje om dispensasjon. Dette gjeld tilbygg/påbygg på inntil 30 m2, uthus på inntil 15 m2 og fasadeendring, under føresetnad av at tiltaket ikkje kjem nærare sjøen enn eksisterande bygning gjer.

På grunnlag av det ovannemnde trur eg det vil vere vanskeleg å få byggje naust og utvide kaien. Det må uansett søkjast om dispensasjon frå arealformålet LNF og byggjeforbodet i strandsona for desse tiltaka.

Ring meg gjerne ein dag det passer for deg, eller kom innom. Eg tek ferie fredag 14. juli, og er attende måndag 14. august.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

